

Notat

Dato: 28.06.2017
Arkivsak: 2015/1799-14
Saksbehandlar: lisadla

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om trafikksikringstiltak i krysset Davanger/Brevik, Fv 562

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 22.06.2017 under PS 189/17 Ymse/open time er teke inn følgjande:
«**Roald Stenseide (Frp)** stilte slikt spørsmål: «Se på kryss Davanger/Brevik vedr. tiltak trafikksikring». Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.»

Fylkesrådmannen viser her til sak om innbyggjarinitiativ for krysset Davanger/Brevik. I møte i utval for miljø og samferdsel den 20. april 2017 var sak om *Innbyggjarinitiativ – Strakstiltak for utbetring av krysset mellom Fv 562 og fv 220 på Askøy* (PS 49/2017) framme. Tilrådinga frå fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) vart samrøystes vedteken av utval for miljø og samferdsel, og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Utval for miljø og samferdsel ber om at ein går i gang med strakstiltaka nr. b) Vegetasjon og nr. c) Rumlefelt i 2017/2018.*
2. *Fylkesrådmannen vil koma attende til eventuell prioritering og finansiering av dei andre tiltaka som er noko meir omfattande, i samband med handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan 2018-2029.*

Fylkesrådmannen viser her til Regional transportplan (RTP) som vart vedteken av fylkestinget i juni 2017, og arbeidet med Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet som skal fram i fylkestinget i desember 2017. Investeringsprogrammet vil detaljere alle tiltak som skal gjennomførast kommande året (2018), og det vil bli lagt tydelege føringar for tiltak som skal planleggjast og byggjast for heile perioden. Investeringsprogrammet skal på høyring hausten 2017.

Ut frå dette så vil fylkesrådmannen vise til det arbeidet som pågår, og kome attende til saka i desember.

